



– Det var ei enkel sak for meg å nominera Suldal IL og lysløypeanlegget, smiler Nerheim. Han skryt av idrettslaget og alt arbeidet som er lagt ned i anlegget. Ei nøgd Arne Vold i Suldal IL tar imot pengesjekken på 88 000 kroner.

## 88 000 kroner til lysløypa

19. januar 2018 kl. 11:13 av [Nora Bogetvedt Jenssen](#)

Arne Vold, leiar i Suldal Idrettslag, smilte breitt då han i dag mottok 88 000 kroner frå Stig Morten Nerheim i Sparebanken Vest

### Hjartesak

Banken har hatt sin eigen adventskalender, der Nerheim var ein av 15 som fekk fronta si hjartesak. Fram til 4. januar kunne alle tilsette stemma på dei gode tiltaka, og 22 valde å gi 4000 kroner kvar til lysløypa i Suldal. Med det får idrettslaget 88 000 kroner til å gjera anlegget ved Mosvatnet endå betre.

### Komplett anlegg

Med pengane som nå kjem frå Sparebanken Vest, meiner Vold at heile lysløypa kan bli komplett til neste år. Det er den siste kilometeren ved Froalia som nå gjenstår. Det er Suldal Idrettslag som er eigar av anlegget, og dei har lagt ned mykje arbeid med både vedlikehald og drift.

– Dette er eit supert anlegg som er ope for alle. Det er berre å skru på lysa og leggja i veg, rosar Nerheim, som sjølv er aktiv i skimiljøet. Han meiner anlegget betyr mykje for både innbyggjarar og i reiselivssamanheng.